

Periodeplan småbarn haust 2025

AUGUST- SEPTEMBER

Meg i møte med barnehagen
Tilvenning

Fokusområde/mål for perioden

1. Trygge barn og foreldre
2. Alle skal føle seg venta i barnehagen
3. Skape eit godt samarbeid med foreldra, informasjonsutveksling
4. Vennskap

Temaarbeid denne perioden:

Venskap - Eg er verdifull.
Brannvern
Tilvenning - tilknytning



Korleis jobbe for å nå måla:

1. Faste daglege rutiner på avdeling for å skape tryggleik
Dele i grupper for å skape meir oversikt for dei nye barna
2. Bilete av barna på plassen.
Vi møter alle barn ved å bruke namnet deira.
3. Gjensidig informasjonsutveksling mellom barnehage og foreldre
4. Vise omsorg for kvarandre, inkludere i leiken

VIKTIGE DATOER/HENDINGAR:

- Planleggingsdag fredag 15.august
- Foreldremøte tysdag 7.september
- SU møte torsdag 26.september
- Brannvernveke v.38

Korleis veit vi at vi har nådd måla

1. Barnet:
 - får lyst til å gå i barnehagen
 - "slepp" foreldra ved levering
 - brukar namn på andre barn og vaksne
 - tek del i leik og aktivitetar i barnehagen.
2. Dei vaksne i barnehagen brukar namnet på barnet og foreldra når dei tek imot om morgonen/ettermiddag.
3. Barna viser glede ved å sjå dei vaksne og barna i barnehagen



OKTOBER - NOVEMBER

Meg i møte med dei andre



Fokusområde/mål for perioden:


1. Barnet finner sin plass i barnegruppa på avdelinga.
2. Bli kjend med turlivet i Solvang Barnehage (nærområdet)
3. Møte alle foreldre med respekt og forståing for deira tilbakemeldingar
4. Arbeide med Solidaritetskafé og Stefanusbarna i Egypt

Korleis jobbe for å nå måla

1. Vaksne som er tilstades i og ved aktivitetar og leik rundt bordet og på golvet
2. Gå turar i nærområdet til barnehagen
3. Førebu og gjennomføre foreldresamtaler.
4. Barna skal få høyre om Stefanusbarna, og korleis vi kan hjelpe andre.
Formidle positive sosiale haldningar og handlingar, vise omsorg for og bry seg om kvarandre .
Lage til og førebu Solidaritetskafé

Temaarbeid denne perioden:

Familien min
Miljøvern
Mamma Maggie



VIKTIGE HENDINGAR:

- Solidaritetskafé torsdag 23.okt
- Planleggingsdag fredag 7.nov
- Julemesse laurdag 29.nov
- Foreldresamtalar

Korleis veit vi at måla er nådd:

1. At barnet syner glede ved å møte og vere i lag med barn og vaksne
At barnet tek kontakt med vaksne
2. At barna viser glede ved å gå/være på tur
3. At foreldra gjev oss tilbakemelding på korleis dei oppleve barnet sin trivsel.
4. At barna syner omsorg for kvarandre.

DESEMBER- JANUAR

Meg i møte med tradisjonar og forteljingar



Korleis jobbe for å nå måla:

1. Syne bilete, fortelje, dramatisere/leike juleevangeliet .
2. Adventssamling med adventskalender, song og tenning av lys. Formingsaktivitetar ut frå barna sine føresetnader og premisser. Prøve å formidle julestemninga via tekst og bilete til foreldra.



Forteljingar denne perioden:

I adventstida har vi fokus på Juleforteljinga. «Englar»

Fokusområde/mål for perioden:

1. Barna skal få møte forteljinga om Jesu fødsel
2. Barna skal få bli kjend med juletradisjonar og få kjenne på stemning prega av ro og tid.



VIKTIGE

DATOER/HENDINGAR:

- Lucia fredag 12.des
- Nissefest tysdag 16.des
- Planleggingsdag
måndag 19. januar 2026

Korleis veit vi at måla er nådd:

1. Barna gjenkjenner juleforteljinga og syng med i julesongane
2. Barna har med seg noko julepynt og/eller julegåver heim til jul.
3. Avdelinga heng opp plansjar frå temaarbeidet